



Arkivnr: 2018/301-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån 390 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 16. mars. Lånet vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

Lån på 390 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta er 1,0992 % fram til 15.03.2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.03.2018

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 16. mars. Renta har vore 1,26 % siste 12 månadene.

Fylkesrådmannen vil refinansiere med eit nytt 12-månaders sertifikatlån.

For å oppnå lågast mogleg rente, er det gunstig å ha nokre kortsiktige lån i porteføljen. Ein vil normalt oppnå aller lågast rente ved å ta opp 3-månaders lån. Men ein ønskjer likevel å ha nokre 12-månaders lån. Nokre av føremonene er at ein sparer arbeid med hyppige refinansieringar, ein er sikra mot renteoppgang 12 månader framover, og ein har kjent rente for rapporteringa resten av inneverande år.

Eit 3-månaders lån ville ein i dag truleg fått til litt under 1 % rente, kanskje ned mot 0,95 %. Med dei forventningane det no er til renteoppgang, føretrekkjer fylkesrådmannen likevel eit 12-månaders lån til knapt 1,1 %.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod:

	nominell rente
DNB Markets	1,0992 %
Danske Bank Markets	1,1050 %
Sparebank 1 Markets	1,1070 %
SEB Merchant Banking	1,1180 %
Nordea Markets	1,1500 %
Kommunalbanken	1,1580 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.